

SAUDA KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 5. mai 2014 blei det halde møte i Sauda kontrollutval under leing av leiar Inge Løyning.

MØTESTAD:	Sauda Rådhus, møterommet 3. etg.
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Inge Løyning (H), Wenche Pleym (Ap) og Katrine Skorpe (H)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Wictor Juul
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Årsoppgjersbrev frå revisor blei delt ut i møtet, sak 08/14

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 06/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL 17.02.14

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 17.02.14 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 05.05.14:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.05.14:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 17.02.14 blir godkjent slik den ligg føre.

SAK 07/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 05.05.14

10. Statusrapport pr. mai 2014
11. Kontrollrapport 2013 frå Skatteetaten
12. K-styrevedtak 09.04.14, sak 17/14 – Oppfølging IKA IKS
13. Representantskapsmøte 24.04.14 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
14. Representantskapsmøte 25.04.14 – Haugaland Vekst IKS
15. Representantskapsmøte 28.04.14 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
16. Representantskapsmøte 28.05.14 – Krisesenter Vest IKS
17. Årsmøte 05.06.14 – Ryfylke IKS

Handsaming i kontrollutvalet 05.05.14:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.05.14:

Kontrollutvalet tek referatsakene 10 - 17 til orientering.

SAK 08/14 SAUDA KOMMUNE SIN ÅRSREKNESKAP 2013 – KONTROLLUTVALET SIN UTTALE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet i Sauda har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2013 og vedtek uttale slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Handsaming i kontrollutvalet 05.05.14:

Leiar innleia kort. Rådmannen gjorde kort greie for hovudtala i rekneskapen og om overskridingane. Revisor orienterte om deira arbeid. Det var avlevert ein rein revisjonsmelding og i årsoppgjersbrevet, som blei delt ut i møtet, var det berre tatt opp mindre alvorlege forhold. Mellom anna var det om budsjettering/rebudsjettering av investeringar tatt opp.

Utvalet hadde nokre spørsmål undervegs, mellom anna om midlane til introduksjonstenesta. Rådmannen svara på spørsmåla. Han ville prøve å få med oversikta over alle sakene handsama av formannskap og kommunestyret, som ikkje var med i årsmeldinga i år, til handsaminga i kommunestyret.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.05.14:

Kontrollutvalet i Sauda har ingen kommentar til årsrekneskapen 2013 og vedtek uttale slik den ligg føre.

SAK 09/14 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONS- RAPPORT OM «LEGETENESTA»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sauda kontrollutval har merka seg det som kjem fram i rådmannen si utgreiing om oppfølging av legetenesterapporten og tek denne til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 05.05.14:

Rådmannen orienterte om kva administrasjonen hadde gjort for å følge opp funna og tilrådingane i rapporten. Arbeidet var godt i gang og det var laga ein tiltaksplan som gjeld fram til sommaren. Legesenteret skulle være ei eiga eining og det er konstituert ny leiar. Eit tidligare ombyggingsvedtak har blitt endra, og senteret må byggast noko om. Det må brukast tid for å få på plass gode rutinar og eit godt HMS-system. Alle tilsette hadde gjennomført medarbeidersamtale.

Utvalet hadde nokre spørsmål undervegs og ei kort meningsutveksling kring spørsmålet om legevaktsamarbeidet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.05.14:

Sauda kontrollutval har merka seg det som kjem fram i rådmannen si utgreiing om oppfølging av legetenesterapporten og tek denne til orientering.

**SAK 10/14 TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT –
«TEKNISK EINING»**

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sauda kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Teknisk eining – sakshandsaming og prosessar», hovudproblemstilling 1 eller 2. Dette i fylgje vedlagte prosjektplan av 11.04.14 frå KPMG AS / med desse endringane:

Ramma for prosjektet vert sett til 235 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 05.05.14:

Leiar innleia kort. Revisor presenterte og gjekk gjennom prosjektplanen. Det var nokre spørsmål og avklaringar undervegs. Mellom anna blei ei ressursgruppe omtala for å eventuelt henta inn informasjon. Utvalet klargjorde, saman med revisor, skilnadene mellom hovudproblemstilling 1 og 2.

Utvalet vart samd om at hovudproblemstilling 1 var den mest aktuelle no: *I kva grad har Teknisk eining saks- og arbeidsprossessar og system/verktøy som understøttar og gjer det mogleg å nå målsettingar og krav til tenestene?*

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.05.14:

Sauda kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Teknisk eining – sakshandsaming og prosessar», hovudproblemstilling 1 . Dette i fylgje vedlagte prosjektplan av 11.04.14 frå KPMG AS. Ramma for prosjektet vert sett til 235 timar.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: 15.09.14, kl. 13.00

Sauda/Aksdal, 05.05.14

Inge Løyning
Leiar


Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær